

MØTEPROTOKOLL – KONTROLLUTVALET I VÅGÅ KOMMUNE

Møtedato	Tid	Møtestad
Tysdag 11. juni 2024	Kl. 09.00-13.00	Vågå kommunehus – møterom 2

Til stades på møtet:

Medlemmar: Geir Inge Stadeløkken (leiar), Bjørg Schultz (nestleiar), Ove Turtum, Ivar Valdvik, Svanhild Mosebakken.

Varamedlemmar:

Andre: Elin Marit Andgard, sekretær i SKNG
Odd Erik Sveen, kommunedirektør

Saker som vart handsama:


Sak 13/24 Risiko- og vesentlegvurdering
Sak 14/24 Orienteringer
Sak 15/24 Protokoll og referatsaker

Andre opplysningar:

Møteinnkalling: 30. mai 2024
Møteleiar: Geir Inge Stadeløkken
Referent: Elin Marit Andgard, sekretær SKNG

Underskrift:

Vi stadfester med vår underskrift at det som er ført i saksnummer 13-15/2024 er i samsvar med det som vart vedtatt i møtet.

**Utskrift:**

Protokoll fra kontrollutvalsmøtet går til: Kommunen, kontrollutval-medlemmer, Innlandet Revisjon IKS og SKNG si heimeside

Møtedato:	Journalnr.:	Saksnr.:	Saksbehandler:
Tysdag 11.6.2024	179/24	13-15/2024	Elin Marit Andgard, SKNG

Godkjenning av innkalling og sakliste
Innkalling og sakliste vart godkjent.

Sak 13/24 Risiko- og vesentlegvurdering

Saksutgreiing

Vedlegg

- Forslag til risiko- og vesentlegvurdering

Bakgrunn

I sak 4/24 vedtok kontrollutvalet:

1. Kontrollutvalet utarbeider plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for ei 4-årsperiode og som skal baserast på ein risiko- og vesentlegvurdering av kommunens verksemd, verksemda i kommunens selskap og kommunens eigarskap.
2. Kontrollutvalet legg opp til ein prosess og framdrift slik at kommunestyret kan handsame kontrollutvalets forslag til plan i løpet av hausten 2024.
3. Kontrollutvalet ber sekretariatet koordinere prosessen og lage utkast til risiko- og vesentlegvurdering og plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i samsvar med fylgjande prosess.

Denne saka gjeld:

Prosessmøte nr. 3

Sekretariatet utarbeider forslag til ROV.

Kontrollutvalet drøftar forslaget til ROV, vurderer og prioriterer.

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet godkjenner sekretariatets forslag til risiko- og vesentlegvurdering med dei endringar og prioriteringar som vart gjort i møtet.

Handsaming

Kontrollutvalet gjekk gjennom forslaget til risiko- og vesentlegvurdering.

Vedtak

Kontrollutvalet godkjenner sekretariatets forslag til risiko- og vesentlegvurdering med dei endringar og prioriteringar som vart gjort i møtet.

Sak 14/24 Orienteringer

Saksutgreiing

Kontrollutvalet har bedt om orientering om innsparingsprosessen, forslag og konsekvensar.

Forslag til vedtak

Orienteringene er teke til etterretning.

Handsaming

Kommunedirektøren orienterte om innsparingsprosessen og konkrete tiltaksforslag (tiltakslista er vedlegg til kommunestyresak PS 34/2024, 23. mai).

Vedtak

Orienteringene er teke til etterretning.

Sak 15/24 Protokoll og referatsaker

Saksutgreiing

Møteprotokoll 25. april 2024

Protokoll utsendt 3. mai. Sekretariatet har ikkje mottatt nokon merknad.

Referater

- Tertialrapport 1-2024 frå Innlandet Revisjon IKS
- Løypemelding - forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av NGR
- Statusrapport - forvaltningsrevisjon informasjonstryggleik

Opplæring og konferanser

"Bernt svarer"

Spalten "Bernt svarer" blir publisert om lag kvar veke i Kommunal Rapport. Jan Fridthjof Bernt er professor emeritus ved Universitetet i Bergen. Bernt har stor kunnskap om forvaltningsrett, kommunalrett, offentlighetsloven og forvaltningsloven og er ofte omtala som "kommunelovens far".

15.4: Når et utvalg er på befaring, er medlemmene da i et utvalgsmøte?

Bernt svarer: Befaring må settes som et formelt møte

22.4: Økonomisjefen har blitt styreleder i et interkommunalt selskap, men er det lurt?

Bernt svarer: Habiliteten må vurderes fra sak til sak

6. 5: Kan man i et utvalg fremme forslag på vegne av et parti som ikke er representert i utvalget?
Bernt svarer: Det er bare medlemmene som kan sette fram forslag
- 13.5: Kan kommunen holde hemmelig hvor mye penger de har brukt på advokat i en sak?
Bernt svarer: Advokatutgiftene er ikke underlagt taushetsplikt
- 27.5: Flertallet i kommunestyret vil skifte ut en utvalgsleder som også sitter i kommunestyret. Kan utvalgslederen være med på avstemmingen, eller er han inhabil?
Bernt svarer: Utvalgsleder skal være med å stemme

Forslag til vedtak

Protokoll frå kontrollutvalgs møte 25. april 2024 er godkjent.
Referatsaker er teke til orientering.

Vedtak

Protokoll frå kontrollutvalgs møte 25. april 2024 er godkjent.
Referatsaker er teke til orientering.

"Ope post"

Kontrollutvalet ynskjer orientering om tenesteområdet helse og meistring på neste møte.

Løyving til enkelttiltak utanom økonomiplan og budsjett.